



Det var mange lovord å høyra då kurset om riktig kosthald for kvinner var avvikla i Gamleskulen ikveld. Dette var siste steg i ein trestegsrakett der dei 2 fyrste stega var styrketreningskurs i Aktivitetshuset. Alle 3 delar har vore like vellukka. Også kosthaldbiten samla bortimot 40 deltakarar og instruktør var igjen Marianne Korsvoll frå Knarvik.

Lokal organisator Cathrine Haugland har all grunn til å vere fornøgd med henne som formidlar av bokstaveleg tala matnyttig kunnskap. Marianne er utdanna sjukepleiar og har ein allsidig bakgrunn. Ho har til og med vore personleg trenar i Dubai!

Men med omsyn til kombinasjonen av styrketrening og kosthald har Cathrine denne kommentaren når

uskedalen.no spør om det var hennes ide:

- Nei, det var noko som dukka opp etterkvart!

Over takkar ho Marianne for jobben med ein blome og under rundar ho av kurset som vara berre halvanna time men var svært innhaldsrikt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

